



Irene og Frode Sleire
Hopsvågen 78
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2414 - 16/21570

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
12.08.2016

Registrert slamavskiljar med dårleg lokk - gbnr 126/45.

Lindås kommune har 05.08.2016 motteke melding frå føretaket Johnny Birkeland Transport AS om at slamavskiljaren på eigedomen gbnr 126/45 har dårleg lokk.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 28-6 at «Basseng og brønn skal til enhver tid være sikret slik at personer hindres fra å falle i dem». Kravet her gjeld alle opne behaldarar for væske.

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at slamavskiljaren til ei kvar tid er sikra. Ein usikra eller dårleg sikra kum kan føra til at menneske eller dyr fell ned i kummen. Lokk på kum må vera utført i solide materialer og vere så tett at ikkje barn kan komme igjennom det, samt vere forsynt med forsvarlig lås eller annet stengsel, slik at det ikke lett kan løftes av eller skuvast til side.

I plan- og bygningsloven (pbl) § 31-3 står det blant annet følgende om sikring og istandsetting:

«Eier eller den ansvarlige plikter å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulempe for person, eiendom eller miljø, og slik at de ikke virker skjemmende i seg selv eller i forhold til omgivelsene. Blir plikten ikke overholdt, kan kommunen gi pålegg om sikring og istandsetting.»

Slamavskiljaren må sikrast umiddelbart og forsvarleg lokk må monterast. Frist for arbeidet vert sett til 02.09.2016.

Forhåndsvarsel om pålegg om sikring og istandsetting:

I samsvar med pbl § 32-2 første ledd, vert det med dette gjeve varsel om at bygningsstyresmakta med heimel i pbl § 31-3, vil kunne gjera vedtak om pålegg om sikring av septiktanken ikkje vert utført innan fastsett frist.

Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt

Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetje tvangsmulkt etter pbl. § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.



Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å sikra slamavskiljaren, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når det er montert forsvarleg lokk på slamavskiljaren må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen, ved skjemaet skal det og liggja bilete som syner utført arbeid. Skjema og bilete sender du til

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg

Mottakarar:

Irene og Frode Sleire

Hopsvågen 78

5955

LINDÅS